

Vetås Båt og Bygdelag  
v/ Leiar Arvid Storheim  
Vetåsvegen 15  
5938 Sæbøvågen

Haukeland Nordre den 27 mai 2014

Radøy Kommune  
v/ Tore Rikstad

### **Observasjon på forureining i Vetås bygda**

Eg syner til telefonsamtale med deg i dag 27 mai kl1120 om ovanfornemde sak.

Det har i den seinare tid blitt observert store mengder nedfall i form sandstøv i området rundt Radøygruppens byggninger på Vetås. Nedfallet minner oss om fint sandstøv med spor av annen konsistens og farge. Nedfallet medfører at naturområdet rundt, trær, gras, bakker vert farga grå samt at bygdas båter og biler er dekket av dette «sandlaget». Observasjonane er utført av fleire personar i bygda uavhengig av kvarandre. Me observerer også at det er nybygg og stor aktivitet på Radøygruppens området. Mellom anna er det, slik vi forstår det, kome opp ein ny sandblåsehall der det manglar rensefilter til friluft. Slik me ser det er det der denne sanden kjem frå.

Me stiller oss undrande til at verksemda får løyve til å sleppe ut så store mengder forureining til nærliggande områder.

Det er relativt store verdiar som ligger i båthamna og området rundt med dertil potensielt stort skadeverk og erstatningar.

Det er å forvente at Kommunen straks handsamar denne saka og gir tilbakemelding mellom anna på kva forureining dette er og kor det kjem i frå.

Vyrdsamt  
Vetås Båt og bygdelag  
v/ Arvid Storheim  
Tlf.: 48 08 01 74